

# Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

72. ÅRG. / NR. 3 – 2018



**Håkon Ø. Kinsarvik**  
Side 5 og 7

**Vegen**  
Side 8, 9, 10  
og 11

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 16

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00**

### Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no

### Trusopplærer Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

### Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98

E-post: ruben.gjertsen@vaksdal.kyrkja.no

### Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77

E-post: anton.proskurnin@vaksdal.kyrkja.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

### GATEADRESSER:

**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065

**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1

**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014

**Eksingedalen kyrkje:** Sordalsvegen 10

**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31

**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19

**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

*Framsidedeilete: Kapellan Håkon Økland Kinsarvik og biskop Halvor Nordhaug, frå prestevigslinga på Vaksdal 19. august.*

## Takk og velkommen

No er dei aller fleste ferdige med sumarferien. Det betyr at det er tilbake til jobb og skule. Det er også tida for oppstart av alt det gode frivillige arbeide som føregår i kommunen. Lag, foreningar og også me i kyrkja er heilt avhengige av denne innsatsen.

So eg vil starte «året» med å sei takk. Takk til alle de som år etter år stiller trufast opp. Takk for alle kakene de bakar (dei er gode). Takk for alle de som er med å jobbe med konfirmantane våre. Takk til dykk som er med i korarbeid og anna barne og ungdomsarbeid. Takk til de som sit som folkevalte i alle sokneråda våre. Takk til du som seier ja til å lesa tekste på gudsteneste. Takk til dugnadsgjengane som steller utanfor og inne i kyrkjene våre, slik at desse bygga ser presentable ut. Utan alle dykk hadde kyrkja sitt arbeid i kommune vore svært vanskeleg, om ikkje umogleg å gjennomføra

Det frivillige arbeidet er også eit godt bilete på kroppen og Kristus, med mange forskjellige lemer, men der alle har si oppgåve.

So skal eg også få lov til å sei velkommen. Velkommen til de som stiller opp dette året også. Velkommen til de som er nye, og ikkje har jobba som frivillig i kyrkja før. Om det er nokon som les dette, og ynskjer å vera med på frivillig arbeid i kyrkjene, er det berre å kontakte oss. Du vil møta masse forskjellige menneske, i det me trur og vonar er eit ope og inkluderande fellesskap.

### ***Bjart-Magnus N Rosvold***

#### **Fellesrådsleiar:**

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

#### **Soknerådsleiarar:**

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland

tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Asbjørn Flatekval

tlf. 970 17 598

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

#### **Den norske kyrkja si heimeside:**

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

#### **Björgvin bispedømme**

#### **si heimeside:**

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

#### **KYRKJEBLAD FOR**

#### **VAKSDAL**

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

#### **Bladstyrar:**

Kyrkjeverja i Vaksdal

#### **Grafisk utforming:**

VaksdalPosten

#### **Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

#### **Eksp. og trykk:**

Bodoni AS, avd. Hardanger,

Øystese

Tlf. 46 63 09 33

#### **Retur til:** Kyrkjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 12. nov.**



## Tørketid

Det har vore ein varm og tørr vår og sommar. Varmen har laga problem for mange, til dømes dei som treng at det veks og gror på marka og andre stader. Alle gras- og skogbrannane er og med og fortel oss at me faktisk treng regn og væte. Og at tørke ikkje er så bra. For blir det for tørt møter dei fleste levande organismane på utfordringar - det kan jamvel bli trugande for livet. Tørke man motverkast på fleire vis. «Naturmetoden» er regn, men ein kan og vatne med slangar, røyr og kanner med meir. Ein kan og syte for at det som skal veksa får skugge.

Trua vår kan og bli utsatt for tørke, ikkje berre om sommaren. Tru som ikkje får nok næring eksisterer berre på eit minimum - og er omtrent utan liv. Korleis kan me unngå tørketid for trua? Jo, ved å la ho få nok vatn og næring! Så enkelt er det - og kan hende så vanskeleg. Men det handlar om å vere ved kjelda. Om å plasserer seg slik at trua får næring så ho kan leve og vekse. Hos profeten Jeremia les me i kapittel 17 vers 7 og 8:

*Velsigna er den mann som stolar på Herren og set si lit til han.*

*Han er lik eit tre som er planta attmed vatn og strekkjer rotene mot bekken.*

*Det fryktar ikkje når heten kjem, lauvet er grønt.*

*Det engstar seg ikkje i tørketider*

*og held ikkje opp med å bera frukt.*

*Jesus seier det slik i Johannes 4, 14:*

*Men den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta.*

*For det vatnet eg vil gje,*

*blir til ei kjelde i han med vatn*

*som bryt fram og gjev evig liv.*

Trua får altså næring hos Jesus, han som er «trua sin opphavsmann og fullendar» (Hebr 14, 2), og i samvêret med Han. Likeeins får ho næring der dei som trur på han er samla i Hans namn. Så det vil kan hende hjelpe mot tørke i trua å kome til gudstenester og møter og andre samkomer? Prøv!

*Med venleg helsing Frode Kvamsøe*

# Min salme

Eg er så heldig at oppveksten min inneheld mykje deltaking på gudstenester og bedehusmøter. Dette har gjeve meg svært mykje for livet og trua mi. Mellom anna betyr det at eg har mange, mange salmar og songar som til tider «svirrar rundt» i hovudet og kjem med trøyst, formaning, hjelp og glede i rette tid.

Ei av dei salmane som har vore der i livet mitt den siste tida, er salma «Eg lyfter augo mine opp til dei høge fjell». Teksten er skriven av Trygve Bjerkheim og tek utgangspunkt i Bibelen si salme 121. Saman med ein vakker, gammal melodi av Melchior Teschner, og med Olav Arne Steinkopf sitt unike arrangement som koret Kilden fekk glede av å øva inn, er dette ei salme som for meg utstrålar og tydeleggjer den tryggleik me menneske kan få del i, kvilande i Gud si omsorg.

Det er ufatteleg stort at den same Gud som skapte og opprettheld heile universet, kan styrkja og støtta meg vesle menneske! Salma fortel at ingen kan vera nærare meg enn den Gud som er «som skuggen ved mi høgre hand». Og ingen vernar og vaktar så vel som den Gud som vert samanlikna med mor og far. Dette får eg kvila i og lita på. Dette får eg oppleva i kvardagen min. Dette kan gje trøyst og tryggleik dei dagane då livet oppleves hardt og brutalt og ikkje til å forstå. Og dei dagane då alt er lyst og lett.

Og det største av alt: Denne tryggleiken og omsorga varer frå i dag og gjennom heile evigheten. Dette gjev grunn til sæle!

**Eg lyfter augo mine**

**Norsk salmebok (1985) nr 317**

**T: Trygve Bjerkheim 1963,  
etter Salme 121**

**M: Melchior Teschner 1615**

**1** *Eg lyfter augo mine*

*opp til dei høge fjell:*

*Frå kven skal hjelpi koma,  
den hand som fast meg held?  
Mi hjelp ho kjem frå Herren,  
som skapte denne jord  
med hav og høge tindar  
og stjernerømdi stor.*

**2** *Han styrkjer stegi mine,  
og fast på fot eg gjeng.*

*På ørnevang han ber meg,  
og gjev meg alt eg treng.  
Sitt folk så vel han vaktar.  
Han ikkje blunda kan.  
Han fylgjer meg som skuggen  
tett ved mi høgre hand.*

**3** *Meg skal ikkje soli brenna  
i middagsheten hard.*

*Om natti vert eg verna  
som barn av mor og far.  
Min utgang og min inngang  
han vara vil så vel  
frå no og i all æva,  
og difor er eg sæl.*

**Åshild utfordrar den utflytta**

**stanghelledama Bjørg Rolvsvåg til å skrive  
om si salme i neste nr. av Kyrkjebladet**

# Ein festdag i kyrkja og Samfunnssalen

Her er nokre glimt frå det som hendte i og ved Vaksdal kyrkje og i samfunnssalen då Håkon Økland Kinsarvik vart vigsla til prest den 19. august.



Heile åtte prestar var samla den dagen. Frå venstre dei to lokale prestane Edvard Bø og Frode Kvamsøe, Øystein Skauge (prost i Åsane), biskop Halvor Nordhaug, Håkon Økland Kinsarvik (kapellan Eidsvåg og Biskopshavn), Børge Ryland (sokneprest i Eidsvåg), Arild Hellesøy (prost i Hardanger og Voss) og Kjetil Kringlebotten (sokneprest i Kvinnherad, men frå Stanghelle). Foto: Brith Kydland



Tone Rose Bratland og Linda Økland Kinsarvik song songen Jesu namn, skriven av fyrstnemnde. Foto: Brith Kydland



Margot-Helene (før Rosvold) og Rikard Backer-Owe spelar. Margot-Helene og Håkon har mellom anna vore konfirmantleiarar saman. Foto: Kyrkjebladet



Edvard helsar til Håkon frå seg sjølv, Anders Magne T. Wendel og soknerådet. Foto: Kyrkjebladet



Fest-kyrkjekaffi i Samfunnssalen. Foto: Brith Kydland



# Den nyaste presten frå Vaksdal

Søndag 19. august var det festdag i Vaksdal-bygda - ja, i heile kommunen og Den norske kyrkja med. Då vart Håkon Økland Kinsarvik vigsla til prest.

- Kallet til å bli prest fekk eg som 16-åring, fortel den nybakte presten frå Vaksdal.

- Det kom ein kveld eg skulle ha sending på Vaksdal nærradio, som heldt til i 2. høgda i bedehuset på Vaksdal. Eg var heilt åleine i studioet, og brått kjente eg at kallet slo inn over meg. Eg vart på ei særleg måte møtt av Gud der og då. Eigentleg vart eg fortvila over å få kallet, og freista fleire gonger att og fram å motbevisa det. Men eg fekk likevel stadfesting av kallet ved fleire høve, mellom anna då eg sat i Vaksdal sokneråd og i bispedømmet sitt ungdomsråd. Sjølve vigslinga no i august var og ei stadfesting av at det var rett.

Håkon vart fødd då foreldra budde på Vaksdal. Så budde familien ei tid på Sandsli, men kom attende til Vaksdal då Håkon var to år. Etter ungdomsskulen gjekk Håkon på Arna gymnas, og så eit år på Acta bibelskule i Stavanger. Etter dette jobba han eit år i Laget - Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag - i Bergen. Så byrja han å studere teologi.

- Dei fyrste tre og eit halv åra studerte eg ved Misjonshøgskolen i Stavanger. Seinare studerte eg ved NLA i Bergen, men den praktiske delen hadde eg hos Kirkeleg utdanningscenter nord, som ligg i Tromsø. Håkon fortel at den formelle avslutninga av studiet var



Linda og Håkon Økland Kinsarvik.

berre nokre dagar før vigslinga, og at han brukte åtte år på studia - sjølv om det vanlege er å bruke seks år.

- Eg har jobba mykje samstundes med studia då, forklårar Håkon med eit smil. Og fortel at han i to år hadde 80 % stilling i ein heim for menneske med psykisk utviklingshemming, og at han var prestevikar i to år - i største delen av tida i full stilling - mellom anna på Osterøy. Sidan juni i år har han vore kapellan i Eidsvåg og Biskopshavn i full stilling.

I ungdomstida gjekk Håkon på KUL - Vaksdal Kristelige Ungdomslag - og har seinare vore aktiv som leiar i konfirmant- og ungdomsarbeidet i kommunen. Han var og aktivt med i bedehusarbeidet på Vaksdal i mange år. No bur Håkon på Frekhaug, saman med kona Linda. Dei gifta seg sommaren for to år sidan, og Håkon tok då hennar jentenamn som sitt mellomnamn.

*Du har allereie arbeidd som*

*prest ei tid. Har opplevinga svara til forventninga?*

- Absolutt! Og meire til. Eg har mellom anna fått høve til å forkynne meir enn eg hadde rekna med på førehand. Og det er noko som eg trivest med.

*Har du nokre sterke sider som kan kome godt med som prest?*

- Eg er for det meste glad og positiv, og eg trur - og vonar - at eg er god til å lytte. Andre såg ein leiartype i meg alt i ungdomstida. Det gjorde eg ikkje sjølv då, men ser i ettertid at det nok er noko i det. Andre har og sagt at det har vore styrkande for trua deira å vandre saman med meg. Og det er nett det eg ynskjer å vere: Ein medvandrar som ved Den heilage ande får hjelpe menneske med trua deira.

*Har du nokre dårlege sider som kan bli ei ulempe, då?*

- Eg har nok ein tendens til å gjere ting sjølv i staden for å spørje andre. Det er liksom enklare å gjere det. Men som oftast blir det som skal gjerast betre av å inkludere andre, så eg vonar eg skal bli flinkare til det.

Håkon vart døypt den 3. september 1989, av dåverande kapellan Kjell Arne Norum. Håkon snakka om dåpen i preika si under vigslinga.

- Det var stort at nokon overgav meg i Guds hender då eg var liten, og eg er takksame for at foreldra mine bar meg til dåpen den gongen. Dåpen har blitt viktigare og viktigare for meg, og eg skjønar meir og meir at Gud er til stades og handlar i våre liv. Det er og godt å få del i fellesskapen som er i kyrkja. I mange år var eg vekke frå trua, men Gud var trufast og heldt løftet han gav i dåpen. Og eg fekk lov til å kome attende til han.

- Trua vaks fram då eg var i konfirmasjonsalderen, der gode leiarar på KUL har betydd mykje for meg. At eg fekk vere med i ei bibelgruppe på Vaksdal vart og viktig.

Fagertun leirstad har og betydd mykje for meg, og dei lokale prestane har på ulike vis vore førebilete og til inspirasjon.

*Korleis opplevde du vigslinga og det som skjedde den dagen?*

- Det vart større enn eg hadde tenkt det ville bli, og eg vart djupt rørt den dagen. Biskopen sine ord, det å bli beden for - det var gripande å vere med på. Og eg er veldig takksam for at vigslinga vart på Vaksdal og at kyrkjelyden bidrog til denne festdagen!

**Tekst/intervju:**  
**Frode Kvamsøe**  
**Foto: Brith Kydland**

Kva har skjedd  
 på VEGEN  
 sidan sist?  


12-åringane får vera med og heisa seglet.

# På segltur med Brørvikaskuta

Søndag 26.08. fekk ein kjekk gjeng tolvåringar ta del i ein eksklusiv segltur Veafjorden med Brørvikaskuta. Skutefolket, som driftar skuta på frivillig basis, fortalte om skuta, som Hans Brørvik brukte mange år på å bygga etter


gamal modell. Dei let òg borna få ta del i arbeidet med å ta opp og ned det handsydde råseglet, og serverte pølser og brus på Kvamsholmen, der skuta brukar liggja når ho ikkje er i bruk. Trusopplærar Kristin fortalte levande to

sentrale bibelhistoriar som føregjekk i båtar som kanskje likna på Brørvikaskuta, men som eksisterte i ei heilt annan tid. Om den heilt spesielle mannen som blant anna visste akkurat kva ein skulle gjera for å få båten full av fisk.

Me fiska forresten på turen òg, men det gav ikkje akkurat noko bibelsk resultat... Me i kyrkja vil seia tusen takk for turen både til dyktige Skutefolket og dei greie tolvåringane som var med!



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook! 

## Kva skjer på VEGEN framover?

### Skulevegensamlingar på Vaksdal, Dale og Stamnes

Kyrkja er ofte ein stad folk kjem til i viktige overgongar i livet, og me tenkjer at skulestart òg er ein slik viktig overgong, både for nye fyrsteklassingar og foreldre. Difor er det mange kyrkje-lydar som inviterer til markering av skulestart for fyrsteklassingar, og det har me gjort i kyrkjene i Vaksdal òg nokre år. I år var/er det slike gudstenester på Stamnes 26.august, Bergsdalen og Vaksdal 2.september, Eksingedalen 9.september og Dale 3.oktober. Borna får kvar si bok, og me ber for skulestarten og dei nye elevane.

### Barnekor på Dale og Vaksdal

I vår starta me opp att barnekorarbeidet i Dale og Vaksdal, med kor for born 4-8 år. Dette held fram i haust, med kor på Dale kvar onsdag f.o.m. 29.august t.o.m. 3. oktober. Den siste øvinga på Dale 3. oktober vert ein hausttakkefest der me framfører fire songar, og alle som ynskjer er velkomne til å delta. På Vaksdal startar koret opp 24. oktober, og vert kvar onsdag ettermiddag t.o.m. 29. november. Klokkeslett for alle øvingane vert 17-18.15, og me avsluttar kvar øving med ei lita matøkt ilag. Det er Kristin Straume Audestad og Anton Proskurnin som leier desse barnekora, og det er ope for born frå fleire bygder å vera med! For oppdatert informasjon, ver gjerne med i facebook-gruppa «Korskulen i Vaksdal».

### Barnekor på Stamnes

Det vert òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Datoane der er ikkje heilt på plass endå, men interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info. Dei brukar å ha korøving torsdagar kl 17-18.

### Baby- og småbornssong i Bergsdalen og Eksingedalen

I Bergsdalen vert det i samband med «Bergsdalsstemna» baby- og småbornssong 2. september kl 11-12, i kjellaren under kyrkja. Ein er med i gudstenesta dei fyrste ti minuttane, og så går ein ned for ei songsamling saman med Kristin i kjellaren. Ope for alle som ynskjer det, og kyrkjekaffi etterpå! I Eksingedalen vert det baby- og småbornssong som ein del av gudstenesta i Eksingedalen kyrkje 9.september kl. 11-12. Dette har me aldri prøvd før på denne måten, så det vert spennande! Det vert ei gudsteneste på borna sine premissar, med dei vanlege effektane me pleier bruka på slike samlingar. Etterpå er det kyrkjekaffi.

### Baby- og småbornssong på Stamnes

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes. På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein måndag i månaden, desse datoane: 3.september, 2.oktober, 5.november og 3.desember. Fyrst er det songsamling, deretter er det ein lett lunsj, me har varm drikke, ta med niste

### Utdeling av Nytestamentet på Stamnes og Vaksdal

Tiåringane på Stamnes, Vaksdal og Eidsland skal få Nytestamentet i haust. På Stamnes skjer det på gudstenesta den 11. november klokka 16, og på Vaksdal vert tiåringane invitert til å få bøkene under gudstenesta 11.november klokka 11. På Eidsland vert det òg utdeling av Nytestamentet, men det er ikkje heilt setla kortid denne utdelinga blir.



### Samlingar og utdeling av bok til 4-åringar

Fireåringane vert inviterte til to ting i haust. Både ei gudsteneste der dei får fireårsboka, og så til ei eller to samlingar der me syng litt og lagar kvar sin julekalender. Datoane for samlingane er ikkje bestemt endå, men gudstenestene med utdeling av boka vert slik: Eksingedalen 9.september, Stamnes 11.november, Vaksdal 11.november, Dale 18. november.



## V I N G

› Annankvar fredag kl 18.30 – 20.30 i Dale bedehus for dei som går i 5, 6. og 7. klasse

Datoar i haust:  
7. september  
21. september  
5. oktober

19. oktober  
2. november  
16. november  
30. november

## Tankar frå trusopplæraren

Så gjorde eg det igjen. Blei litt for stressa på veg ut dørene for å prøva å rekka skulen, og brølte «Skynd deg då» med alt for høg stemme til han som somla med å ta på seg skoa. Med ein gong stakk angeren i mammahjartet, det er jo ikkje ei slik mamma eg vil vera! Eg vil vera ei tålmodig, snill mamma, som alltid ligg litt i førekant med planlegging, så me glir gjennom morgonane som Marit Bjørgen på søndagstur. I staden er eg ei fresande mammaversjon av Donald Duck med klabbe-ski som virrar rundt utanfor løypa på leit etter mål. Skamma kom smygande. Då kom det frå minstejenta med bestemt stemme «Du er ei god mamma!». Utan at eg sa noko, visste ho at det var det eg trengte høyra. Eg takka med ein klem.

Då eg hadde levert ungane (sånn fem minutt for seint), grein eg ein skvett utanfor butikken før eg gjekk inn. Det skal ikkje meir til enn ein altfor stressande morgon, så kjenner eg meg fullstendig mislukka. Kan EG vera trusopplærar, og peika på den gode Jesus, når eg ikkje får til å vera ei slik mamma eg har lyst til ein gong?

Så hugsar eg det ho sa, den vesle, kloke jenta som låg i magen min på denne tida for seks år sidan. Ho synest eg er god. Trass brøling, trass forseintkoming, så er eg ei god nok mamma for ho.

Og så hugsar eg noko anna, noko biskopen vår sa på eit foredrag ein gong. Gud har aldri brukt perfekte folk til å fortelja om den

gode vegen. For slike folk eksisterer faktisk ikkje. Alle folka det står om i Bibelen hadde sine svakheiter. Så då håpar eg at eg er god nok for Han òg. Og gjer meg klar til å møta born og

vaksne på ulike tiltak i løpet av hausten. Kom som de er, det gjer i alle fall eg. Me har ikkje sjans til å vera perfekte, men lat oss i alle fall vera ekte! <3

**Kristin Audestad**






HAUST 2018

# BABYSONG, LUNSJTREFF OG SMÅBORNSSONG

VELKOMEN TIL SAMLINGAR TORSDAGAR:

**kl.10-11: SMÅBORNSSONG (1-5 år)**

*Opplivingsrike samlingar for småborna. Babyar kan vera med på desse samlingane òg, men ein tilrettelegg mest for dei som er større.*

**kl. 11-12: LUNSJTREFF (0-5 år)**

*Fin og uformell møteplass for babyar, småborn og småbornsforeldre. Me har kaffi/te, ta med niste!*

**kl. 12-13: BABYSONG (0-ca 1 år)**

*Opplivingsrike samlingar for dei minste. Kom og prøv! Kaffi og prat fyrst, sjølv opplegget startar 10.15. Det går fint å ta med større sysken.*

-----

Dale bedehus desse torsdagane:  
29.aug, 6.sep, 13.sep, 20.sep, 27.sep. 4. okt

Vaksdal kyrkje desse torsdagane:  
18.okt, 1.nov, 8.nov, 15.nov, 22.nov, 29.nov

*Det er også baby- og småbornssong **i kjellaren i Starnes bedehus**. Tid: kl.10-12 Datoar: 3.sep, 1.okt, 5.nov, 3.des. Her er alle born mellom 0 og 5 år hjarteleg velkomne. Ta gjerne med niste.*

*I sakristiet i **Eksingedalen kyrkje** skal me ha baby- og småbornssong for born 0-5 år ein gong i vår: **9. september kl. 11-12**. Det er kyrkjekaffi etterpå, saman med dei som har vore på gudstenesta.*

Alle samlingane vert leia av trusopplærar Kristin Straume Audestad.  
Meir info på Facebook- gruppa *Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal*.



Her vert konfirmantane i Dale sokn presenterte... Foto: Brith Kydland

## Konfirmantåret er i gang

Konfirmantåret er i gang, og alle årets konfirmantar er snart presenterte for kyrkjelydane sine.

...og her vert konfirmantane på Stamnes presenterte.



## Olsokstemna

Ikkje alle dei sju planlagde utegudstenestene i Vaksdal hadde fint nok ver til å haldast ute, men Olsok var det godt ver så ein kunne samlast på Leiro.





# Dale bedehus 20 år jubileumsfest laurdag 22. september

I år er det 20 år sidan Dale bedehus var ferdig, og dette skal feirast!

Arbeidet med å reise bedehuset vart gjort over lang tid. I 1992 var den vesle salen i bedehuset ferdig - og vart då vigsla til bruk. I 1998 var så heile bedehuset ferdig. Gjennom åra er bedehuset naturleg nok

nytta til møteverksemd. Men det er og nytta til dåpsfestar, årsmålsfestar, minnesamver og andre samkome, til konsertar og utstillingar, konfirmantsamlingar og kursverksemd. Huset ligg nett der ein

svingar inn til Dale sentrum frå Stamvegen, og har såleis ein sentral plassering i bygda.

Til jubileumsfesten laurdag 22. september kl. 17.00 kjem mellom andre Odd Sverre Hove (talar) og Anita Rørbak-

ken (song), og det vert eit historisk tilbakeblikk på arbeidet med å få reist bedehus på Dale.

Det vert servert varmrrett og kaker, og teke opp kollekt.

## KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE



Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



**DALEGARDEN**  
OUTLET & CAFÉ

# Ny organist



Organist Ruben Sverre Gjertsen.

Ruben Sverre Gjertsen heiter den nye organisten.

Ruben er tilsett som organist i 100% stilling, og byrja i arbeidet i slutten av august. Han er 41 år, vart fødd i Vest-erålen, og bur no i Bergen.

Dei tre siste åra har Ruben vore førsteamanuensis og forskar ved Griegakademiet i Bergen. Same staden har han og studert mellom anna orgelspel. I tillegg til andre studier og anna arbeid har han i fleire år hatt vikartenester

mellom anna i kyrkjene i Bergen, og var eit år vikarie-rande domorganist i Tromsø. Han har og ein bachelor-grad på orgel.

Ruben er og komponist av samtidsmusikk, og har doktorgrad i komposisjon. Han har gjeve ut tre CD-plater, og fått fleire prisar for sitt arbeid - mellom anna Spelemannsprisen i 2009.

Ruben har ei eiga heimeside: [www.rubensverregjertsen.com](http://www.rubensverregjertsen.com).

## DET SKJER I BEDEHUSA:

### Vaksdal bedehus

**Storsamling søndag kl. 11.00**

(Kl. 11.30: Søndagsskule i kjellaren)

16. september

30. september

28. oktober

18. november

Laurdag 3. november er det den årlege bedehusdagen



### Stanghelle bedehus

**Søndag 16. september kl. 16.00**

Familiegudsteneste

**Onsdag 26. september kl. 19.00**

Møte ved Arild og Svein Arne Hetlebakke

**Laurdag 20. oktober kl. 16.00**

BASAR! Tale ved Asle Hetlebakke

**BIBELHELG**

10. og 11. november kl. 18.00 ved Audun Hjellvik



### Dale bedehus

**Laurdag 22. september kl. 17.00**

20-års jubileumsfest

**Onsdag 17. oktober kl. 19.00**

Møte ved Kenneth Foss

**Laurdag 27. oktober kl. 16.00**

BASAR! Tale ved Reidun Skurtveit

**Onsdag 21. november kl. 19.00**

Møte ved Sigrid Romarheim Eide



## Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

**Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70**

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.  
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • [post@nordh-bb.no](mailto:post@nordh-bb.no) • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

## ATLANTIS VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00



## Alt innan tømrararbeid

Tlf. 922 65 739

[post@falkangerbygg.no](mailto:post@falkangerbygg.no)

Falkanger Bygg er  
forhandlar av Idéhus  
Sjå [idehus.no](http://idehus.no)



## Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

## TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



## Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

## ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



- vi gir morgendagen nye muligheter

## coop prix

Opningstider:  
Mån-laur 8-21  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

## SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

## Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

**S**  
**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Vaksdal

19.08 Malin Hopsdal Kleiveland



## VIGDE

### Bergsdalen

21.07 Anne Finsaas Lund og Erik Rekk Pisani

18.08 Hilde Teigland og Jørgen Andersen

### Vaksdal

04.08 Jennie Grenasberg og Runar Bruvik



## DØDE

### Bergsdalen

12.07 Terje Norvald Lid 1942

### Eidsland

23.08 Ingrid Myster 1919

### Dale

10.06 Astrid Auro 1933

17.07 Anna Johanna Fossmark 1926

19.07 Nickolay Rørgård Faugstad 1996

02.08 Ada Konstanse Thunestvedt 1927

18.08 Johanna N Stanghelle 1927

### Stammes

19.07 Knut Skjervheim Vedaa 1998

### Vaksdal

20.08 Svein Arild Knutsen 1950

## VIPPS



Vaksdal kyrkjelege fellesråd	
(bladpengar)	94073
Vegen trusopplæringa	514111
Vaksdal Kyrkje	137194
Dale Sokn	525329
Stammes sokn	524776




## Kyrkjebøker i Vaksdal

### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år. 111 sider

**NY PRIS kr 150,-**

Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



### Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje

50 år. 220 sider. **NY PRIS kr 100,-**

Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



### Kyrkjestaden Dale

(1996) 100 år, 104 sider

**Kr 50,-**

Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



### Soga om Stammeskyrkja (1986)

229 sider **Kr 50,-**

**Jubileumshefte for Stammes kyrkje**

**Kr 100,-** (Perioden 1986-2011)

Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.





## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Søndag 9. september - 16.sønd. i treeiningstida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste med baby- og småbornssong. Audestad og Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

### Søndag 16. september - 17.sønd. i treeiningstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

### Søndag 23. september - 18.sønd. i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe. Bø og konfirmantane som har vore på leir. Nattverd.

### Søndag 30. september - 19.sønd. i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

DALE KYRKJE kl. 16:00. Ung Messe. Kvamsøe og konfirmantane som har vore på leir. Nattverd.

### Onsdag 3. oktober

DALE KYRKJE kl. 17.00 Hausttakkefest. Audestad. Markering av skulestart for årets seksåringar

### Søndag 7. oktober - 20.sønd. i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

### Søndag 14. oktober - 21.sønd. i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

### Søndag 21. oktober - 22.sønd. i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi

### Søndag 28. oktober - Bots- og bededag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste Bø. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

### Søndag 4. november - Helgemessesøndag

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp.

### Søndag 11. november - 25.sønd. i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Audestad og Bø. Nattverd. Dåp. 4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Audestad og Bø. Nattverd. Dåp. 4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.

### Søndag 18. november - 26.sønd. i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dåp. 4-åringane er innbedne for å få bok. Kyrkjekaffi.

### Søndag 25. november - Domssøndag/Kristi kongedag

Ingen gudstenester i Vaksdal

Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.

Endringar kan koma. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.



# Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omløp

bunadsele

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)